

---

Vår referanse 2021/40711-11  
Dato 22.09.2021

---

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

## Innkalling til møte om oppfølging av Nasjonal transportplan 2022-2033

Nasjonal transportplan 2022-2033 vart vedteke i Stortinget 14. juni i år. Vestland fekk ganske god utteljing for store statlege prosjekt. No må vi følgje opp det gode arbeidet vi har gjort, og drøfte strategi for arbeidet vidare.

Vestland fylkeskommune følgjer m.a. opp arbeidet med Nasjonal transportplan gjennom deltaking i kontaktutval og interesseselskap/organisasjonar. For å drøfte framtidig strategi og for å samordne aktiviteten, kallar eg inn til møte **tysdag 2. november kl. 12.00-16.00** på hotell Zander K like ved Bergen stasjon.

Møtet vert strøyma, slik at det vil vere mogleg å følgje møtet via nettet. Det vert mogleg å stille spørsmål og kome med kommentarar ved bruk av et chatteprogram.

Eg vil be om at interesseorganisasjonane/selskapa presenterer seg og sin aktivitet på møtet innanfor ei ramme på 5 minuttar kvar.

Det vert lagt opp til slikt program:

12.00	Lunsj	
13.00	Velkommen - Bakgrunn for møtet	Jon Askeland
13.20	Nå er NTP vedteke - Kva no? Status og vidare framdrift for prosjekt i Vestland	Kjell Inge Davik
13.40	Kven er vi og kva gjer vi? Kvar av kontaktutvala/organisasjonar presentere seg	Kontaktutval E39 gjennom Hordaland Kontaktutval K5 Stamvegutvalet Sogn og Fjordane Stamvegutvalet E16 Fjordvegen Haukelivegen AS Forum nye Bergensbanen Nasjonal rassikringsgruppe
14.20	Pause	
14.30	Innleiing til drøfting-Korleis skal vi arbeide saman i Vestland med store statlege prosjekt?	Jon Askeland
14.45	Drøfting	

Eg ber om at kvar selskap/organisasjon koordinerer deltakinga. Påmelding til møtet kan sendast til [matti.torgersen@vlfk.no](mailto:matti.torgersen@vlfk.no) tlf 922 24 656. Eg vil be om at det går fram om de vil delta fysisk eller digitalt. Lenkje til møtet blir ettersendt til dei som stiller digitalt.

Eg vil be om at dei som skal presentere, møter fysisk.

Med helsing

Jon Askeland  
Fylkesordfører

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Mottakarliste  
Kontaktutval E9 gjennom Hordaland  
Kontaktutval K5  
Stamvegutvalet for E39 gjennom Sogn og  
Fjordane  
I/S Fjordvegen  
Haukelivegen AS  
Vegforum rv 15  
Stamvegutvalet E16  
Forum nye Bergensbanen